



Hauglandslaget må snart koma med ein bestandsplan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes har no svara på søknaden om felling av skadehjort på Haugland. Ein av føresetnadane for å gje fellingsløyve på skadehjort før jakta tar til, er at fellingsløyva er tildelt. For Haugland og Døssland-Feet har dei enno ikkje skreve ut fellingsløyver under påvente av ferdiggjering av ein bestandsplan, opplyser viltforvaltaren.

Han sende ein E-post med spørsmål om framdrifta i planarbeidet 26. mai, men det er ikkje kome noko svar på denne.

Varanes har sett fram til å få den føreslegne bestandsplanen inn for godkjenning. Det ville også vera fint å leggja skadefelling inn som eige punkt i ein slik plan. Då kunne valdet stå fritt til å vurdere skadefelling før jakta, dersom skadepresset gjorde det nødvendig.

Dette er gjort i ei rekkje andre planar. Det ville då vera svært naturleg å åpna for felling av 5-6 dyr årleg dersom det vert lagt inn og godkjent i ein slik plan, held Varanes fram.

Eit samarbeid mellom dei tidlegare hjortevalda vil også gje rom for noko høgare tal på fellingsløyver, og dei vil bli gjeve som "frie dyr" i tråd med planlagt avskyting gjennom planforslaget.

Dersom ein må skrive ut løyver til kvart av hjortevalda som tidlegare vil ein vera låst i teljande areal på kvart enkelt vald og løyva blir fordelt på vaksne hanndyr, vaksne hodyr og kalvar.

Viltforvaltaren vonar enno at det kan lukkast å få i stand ein plan slik som føreslege, ellers må dei snart fordela fellingsløyva som før og etter det kan dei ta opp skadefelling til ny vurdering.

Av Ola Matti Mathisen